


Giske Kommune  
Valderhaug 4  
6050 Valderøya


VALDERØYA 11.01.23

## Varsel om oppstart av planarbeid Detaljregulering for Ytterland nord for Demma



## Lokalisering

Planområdet ligg vest for barnehagen ved Øvre Skjong. Området er avsett som bustadføremål i kommuneplanen (2008) og områdeplan «Ytterland, nord for Demma». Lokalisering er vist på kartutsnitt under.



Lokalisering av aktuelle planområde

## Formål og avgrensing.

Fokus Bygg AS ser eit aukande behov for bustadar i Valderøya. Ein ynskjer difor å imøtekomme noko av etterspurnaden ved å regulere Ytterland nord for Demma med konsentrerte busetnadar.

Estetikk og terrengtilpassing verte vektlagd, og de vil i planarbeidet bli utarbeidd illustrasjonar av volum med sol/skygge-analyse.

## Konsekvensutgreiing

Etter Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven (KU-forskrifta) § 4-2 ledd, skal den som fremjar forslag til plan etter plan og bygningslova sjølv vurdere om planen fell inn under forskrifta sitt saklege verkeområde.

Planlagt reguleringsplan er i samsvar med overordna plan og vert difor vurdert til ikkje å falle inn under §6 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Planen gjeld tiltak etter plan- og bygningslova, og fell såleis heller ikkje inn under forskrifta §7. Planlagt reguleringsplan vil ikkje legge til rette for tiltak innanfor vedlegg II og fell såleis ikkje inn under forskrifta §8.



Med dette som grunnlag er planarbeid vurdert å ikkje falle inn under forskriftas saklege verkeområde, og dermed heller ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU). Verknad av plan vil bli vurdert i planomtalen.

## Planstatus

I gjeldande arealdel for Giske kommune er området avsett til bustadar. Planområdet grensar og grip inn i områdeplanen «Ytterland, nord for Demma 2014», planID 2012001, og «Kommuneplanen 2018». Ein er ikkje kjend med at de er pågåande reguleringsarbeid i området.

## Plangrense

Den opphavleg plangrensa har verte justert etter oppstartsmøte for å sikre vegar og siktsoner i området. Planavgrensing kan verte justert i planprosessen vidare.

## Informasjon og medverknad

For informasjon undervegs i planarbeidet kan ein kontakte:

- Martin Sørland Barlla – tlf: 960 42 771 – [Martin@fokusbygg.no](mailto:Martin@fokusbygg.no) (Etter klokka 16:00)
- Nils-Kristian Høyvik – tlf: 948 23 227 – [nkh@fokusbygg.no](mailto:nkh@fokusbygg.no)

Oppstartsvarselet med vedlegg verte lagt ut på kommunen si heimeside

<https://www.giske.kommune.no/kunngjeringar/>

Og <https://fokusbygg.no/aktuelt/>

## Merknader til oppstartsmeldinga

I samband med denne varslinga er det høve til å kome med innspel og merknader til planarbeidet.

Merknader og innspel merkast med «PlanID: 1532\_2022004» og sendast som e-post til [Post@fokusbygg.no](mailto:Post@fokusbygg.no) eller som brev til: Fokus Bygg AS, Valderhaugstranda 5, 6050 Valderøya

Innkomne merknader vert saman med planframlegget sendt til kommunen for sakshandsaming og utlegging til offentleg ettersyn. Det er difor ikkje naudsynt å sende kopi av merknaden til kommunen.

**Frist for innspel/merknad er satt til 11.02.2023**



Vedlegg:

- 1) Annonse i avisa - Ytterland nord for demma frist 11.02.23
- 2) Planinitiativ Ytterland, Nord for demma 2022
- 3) Referat frå oppstartsmøtet
- 4) Vedtak – Detaljregulering av Ytterland nord for demma
- 5) Plangrense – Ytterland nord for demma

*Martin S. Barlla*

---

Martin Sørland Barlla  
Tlf: 960 42 771



---

Nils-Kristian Høyvik  
Tlf: 948 23 227

